



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

2 millionar kroner til Lokal samfunnsutvikling i Troms

Troms fylkeskommune har som mål at kommunane i Troms skal styrke si rolle som lokale utviklingsaktørar, og arbeide kontinuerleg med å bygge opp attraktive lokalsamfunn.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Troms fylkeskommune si rolle som koordinator, rettleiar, kompetanseformidlar og støttespelar i plan- og utviklingsoppgåver skal og styrkast.

Troms fylkeskommune skal:

- Følgje opp arbeidet med interkommunalt plankontor i Nord-Troms og Sør-Troms.
- Forsterke rettleiingsarbeidet for kommunale planstrategiar, samt samfunnsdel og arealdel i kommuneplanen.
- Arrangere planforum, dialogmøte og opplæringsseminar for kommunane.
- Styrke kapasitet til lokale kompetansetiltak for utvikling i kommunar og regionråd etter behov.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00